
Referat

Møte i styringsgruppa 20. juni 2016 kl 1800 - 2000

Følgjande møtte:

AP: Atle Kvåle, Anne-Grethe Gjerdevik, Hans Ekeberg

KrF: Bjarne Samnøy

FrP: Magne Djuvik

Sp: Svein Lang, Mikal Leigland, Peter-Hans de Zwarte møtte for Margunn Samnøy

H: Aud May Boge

V: Gustav Folkestad

Uavhengig: Roger Hoel

Delta: Linda Ann Lohne

Utdanningsforbundet: Svanhild H. Riise

Fagforbundet: Siw Ingrid Kaland - forfall

Rådmann Berit Fløisand

Ass. rådmann: Elisabeth Farstad

Ordførar Atle Kvåle leia møtet.

Innkalling til møtet:

Sakspapira til møtet er identisk med innkalling til kommunestyremøte 22.06.16, sak 59/2016 Kommunereforma – vedtak om samanslåing.

Handsaming:

Ingen merknad til innkalling.

Til dagsorden:

Aud May Boge har stilt spørsmål til ordføraren i kommunestyret om kommunereforma. Ordførar las opp svar til Aud May Boge.

Framlegg frå rådmannen:

Fusa kommunestyre godkjenner at Fusa kommune slår seg saman med Os kommune til Bjørnefjorden kommune. Den nye Bjørnefjorden kommune vil vera etablert frå 1. januar 2020.

Framlegget fekk følgjande røyster:

AP: Atle Kvåle, Anne-Grethe Gjerdevik, Hans Ekeberg; FrP: Magne Djuvik; V: Gustav Folkestad;

Uavhengig: Roger Hoel;

Sp: Svein Lang

7 røyster

Framlegg frå Mikal Leigland SP:

Fusa kommune ved styringsgruppa ser det ikkje formålsteneleg å slå seg saman med Os.

Framlegget fekk fylgjande stemmer:

H: Aud May Boge, Sp: Mikal Leigland, Peter-Hans de Zwarte; Krf: Bjarte Samnøy;
4 røyster

Innstilling:

Fusa kommunestyre godkjenner at Fusa kommune slår seg saman med Os kommune til Bjørnefjorden kommune. Den nye Bjørnefjorden kommune vil vera etablert frå 1. januar 2020.

Eikelandsosen 20. juni 2016

Atle Kvåle
Ordførar

Terje Raunsgard

Møtesekretær